UNIVERSITETET I BERGEN
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet

Arkivkode:

Saksnr.: 2019/8064

Fakultetsstyresak: **35**

Sirkulasjonssak

Studieplanendringar for studieåret 2020/21

Studieplanendringar er eit ledd i kvalitetssikring av studia. Alle institutt, Lektorprogrammet og programstyrer for våre sivilingeniørutdanningar har føreslått studieplanendringar og forslaga er vedlagt studiestyresak 19/8 samlesida til studiestyret. Del A kan handsamast ferdig ved fakultetet. Del B skal vidare til handsaming i Universitetets utdanningsutval og til endeleg vedtak i Universitetsstyret.

Del A Studieplanendringar. Av studieplanendringar er det i hovudsak meldt inn endringar i studieprogram der studieløpa er endra på bakgrunn av prosjektet generiske ferdigheiter. I tillegg endrar Masterprogram i fysikk namn på 5 av sine 8 studieretningar: Kjernefysikk endrar namn til eksperimentell kjerne- og partikkelfysikk. Optikk og atomfysikk endrar namn til optikk. Medisinsk fysikk og teknologi endrar namn til medisinsk fysikk. Måleteknologi og instrumentering endrar namn til måleteknologi og nanofysikk. Partikkelfysikk endrar namn til teoretisk atom-, kjerne- og partikkelfysikk. Masterprogrammet i statistikk slår saman sine 3 studieretningar.

Del B: Endring av studieprogramnamn. Det integrerte masterprogrammet i aktuarfag endrar namn til Integrert masterprogram i aktuarfag og dataanalyse. Bachelorprogram i statistikk endrar namn til Bachelorprogram i statistikk og data science. Bachelorprogram i informatikk: datavitskap endrar namn til bachelorprogram i informatikk: data science.

Oppretting av studieprogram
Institutt for informatikk føreslår å opprette eit årsstudium i informatikk med oppstart hausten 2020 med opptakskrav MATRS. Fullstendig søknad ligg her. Bakgrunnen for oppretting er mellom anna å gi eit tilbod om ei kort utdanning i informatikk som kan til dømes nyttast som tilleggsutdanning for søkjarar som ynskjer å komplettere si utdanning med IKT-kunnskapar.

Nedlegging av studieprogram
Institutt for fysikk og teknologi foreslår nedlegging av bachelorprogram i petroleum- og prosessteknologi. Bakgrunnen er blant anna eit overordna mål om å samle studietilbodet innan energi til eit program. Viktige aspekt frå programmet vert vidareført i Integrert masterprogrammet i energi.

VEDTAK
DEL A: Fakultetsstyret vedtar forslaga til endringar i studieplanane i tråd med Studiestyret sine tilrådingar.
Del B: Fakultetsstyret tilrår forslaga om namneendring på det integrerte masterprogrammet i aktuarfag og bachelorprogrammet i statistikk. Fakultetsstyret tilrår å legge ned bachelorprogram i petroleum- og prosessteknologi og å opprette eit årsstudium i informatikk.

21.10 2019/STB og INC

Helge K. Dahle
dekan